



## Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026

Vedteke i kommunestyret den 20. oktober 2022, sak 68/22

### 01 Generelt

1. Ein frivillig organisasjon må ha minimum 15 betalande medlemmar for å få tilskot etter reglementet. Innbetalt medlemskontingent skal vera minst kr 200 for alle, eller familiekontingent på kr 600.
2. Organisasjonar som søker om grunnstønad etter kapittel 2 skal kunne dokumentere talet på betalande medlemmar og aktivitet med årsmelding og rekneskap.
3. Frivillige organisasjonar kan søkje på alle ordningar.
4. Andre kan søkje på ordningar under kapittel 07, andre ordningar.
5. Søklar skal dokumentere det kulturelle innhaldet i søknaden.
6. Organisasjonar og tiltak som får tilskot etter dette reglementet skal gje gratis tilgang for personar som følgjer menneske med funksjonsnedsetting og som har ledsagarbevis.
7. Tiltak i regi av kyrkjelege organ, eller andre trussamfunn som mottok tilskot frå staten, er å rekna som finansierte gjennom den rammeoverføringa.
8. Brot på føresetnad om rusfrie arrangement i private eller offentlege forsamlingshus kan medføre heilt eller delvis tilbaketrekking av kommunalt tilskot.
9. Alle krav til dokumentasjonar skal sendast inn elektronisk saman med søknaden **innan oppgjeven søknadsfrist**. Luster kommune handsamar søknader berre frå hovudlaget.
10. Der andre offentlege organ er inne og støttar same tiltaket, kan det samla offentlege tilskotet ikkje overstige 2/3 av kostnaden.
11. Frivillige organisasjonar som har medlemmar i fleire kommunar kan få stønad etter dette reglementet for medlemmer busette i Luster Kommune.
12. Det vert gjort unnatak for søndagsskular og barnelag utan medlemskontingent for ordninga grunnstønad. Barnelag skal jamstillast med søndagsskule. Barnelag er definert som aktivitetslag for barn inntil 12 år. Fast tilskot 5-20 born på kr 1500 og over 21 born kr 2000.
13. Dei økonomiske rammene for tilskot følgjer av Luster kommune sitt årlege budsjettvedtak.
14. Aktivitetar skal vera registrert i aktivitetskalendaren Friskus og søkjaren skal vera registrert i Brønnøysundregisteret.
15. For å få innvilga tilskot må det søkjast om tiltaket før det vert sett i gang.

## 02 Grunnstønad

1. Grunnstønad vert utbetalt til lag og organisasjonar som dokumenterer aktivitet for born og ungdom under 20 år.
2. Ordinær grunnstønad: kr 300 pr betalande medlem under 20 år.

## 03 Instrumentkjøp og gåver

1. Tilskot til instrumentkjøp til lag og organisasjonar inntil 50% av kostnadsoverslag. Tilskot kan også gjevast som refusjon året etter. Tilskot vert utbetalt mot framlagt rapport og revidert rekneskap.
2. Gåvepremie til lokale arrangement kan prioriterast med mål om rekruttering av barn og unge. Kan søkast på heile året.

## 04 Refusjon for drift av anlegg til kulturføremål m.m.

Ordninga gjeld

1. Anlegg som er registrerte i anleggsregisteret i kommunal plan. Unntaket er småbåthamner som ikkje får refusjon.
2. Anlegget må ha tilgang for rørslehemma i forsamlingslokale, garderobar og handicaptalett.  
Overgangsordning: Organisasjonar som søker om spelemidlar innan 1.10.19 for tilkomst for rørslehemma kan få innvilga stønad i søknadsperioden, eller til kommunen forskotterer midlar. Overgangsordninga for søknader sendt inn før 1.10.19 må ferdigstillast **i løpet av 2023.**
3. Søklar må kunne dokumentere aktivitet for barn og unge i anlegget.
4. Anlegg som søker tilskot etter dette reglementet kan ikkje nyttast til næringsverksemd (aksjeselskap)
5. Dugnad inngår ikkje i søknadsgrunnlaget. Refusjon for drift og vedlikehaldskostnadar av anlegg for idrett, leik og aktivitetar for born og ungdom er inntil 50 % av godkjent grunnlag. Til rehabilitering/ombygging kan dugnad med verdi på arbeid frå entrepenør, til dømes målararbeid, godkjennast som del av søknadsgrunnlaget/finansieringa. Anlegget må vera registrert i anleggsregisteret i kommunal plan.

### Forsamlingshus:

Driftsutgifter som vert godkjende er forsikring, straum, off. avgifter, faste abonnement vatn og avløp.

Rehabilitering/ombygging, søknadsgrunnlag inntil kr 100 000.

Rehabilitering/ombygging over kr 100 000 kan søkje midlar via spelemiddelordninga, sjå kapittel 05.

### **Anlegg:**

Driftsutgifter som vert godkjende kan kategoriserast såleis:

1. Forsikring, straum, off. avgifter, faste abonnement vatn og avløp.
2. Drivstoff, gjødsel og andre driftsutgifter som er nødvendig for drift av anlegget.
3. Nødvendig vedlikehald av anlegg, t.d. reoperasjon/ombygging, inntil kr 100 000.  
Rehabilitering/ombygging over 100 000 kan søkje midlar via spelemiddelordninga, sjå kapittel 06.

Søkarar kan få refusjon for husleige for fast aktivitet i lokale/anlegg som kommunen ikkje kan tilby, inntil 50 % refusjon.

### **05 Tilskot til nærmiljøanlegg (som del av spelemiddelordninga)**

1. Søkarar på nærmiljøanlegg kan søke om kommunal medverknad innan oppgitt søknadsfrist for spelemiddelsøknader.
2. Vedlikehald av private forsamlingshus og private idrettsanlegg vert handsama etter dei vilkår nemnt under refusjonsgrunnlaget for drift av anlegg til kulturføremål.

### **06 Tilskot til rehabilitering av anlegg (som del av spelemiddelordninga)**

1. Planar for større vedlikehaldsprosjekt /rehabilitering utover kr 100 000 ved dei enkelte anlegga skal innarbeidast i den kommunale planen som anlegget sorterer under.
2. Alle slike søknader skal fremjast som spelemiddelsøknader før arbeidet tek til.

## 07 Andre tilskotsordningar

### A Tilskot til lokale arrangement og samarbeidsprosjekt. Underskotsgaranti

- 1 Alle tiltak skal søkast om på førehand. Tilsegn vert gitt som underskotsgaranti. Søkaren skal kunne argumentere med nyskaping og utprøving av nye idear, og arrangementa skal vera rekrutterande i høve til eit større geografisk område. Servering og dugnad inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget.
- 2 Luster kommune kan gje tilsegn om inntil 50% av godkjent budsjettamme . Tilskot er avgrensa oppover til kr 50 000 og rapport med rekneskap for tiltaket skal liggja føre før overføring av ev tilskotet.
- 3 Organisasjonar kan søkje tilskot til jubileumsarrangement avgrensa til kvart 25. år. Storleiken på tilskotet skal vurderast ut i frå tal medlemar og breidde på aktiviteten.
- 4 Det blir ikkje gjeve tilskot til kurs og utdanning. Organisasjonar kan søkje via sine studieforbund.

### B Tilskot til friluftslivstiltak

I samsvar med Luster kommune sin gjeldande plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv kan kommunen delta med finansiering av tilrettelegging og drift av tiltak som har som føremål å auke friluftslivs-opplevingane for innbyggjarane i kommunen. Det kommunale tilskotet vert avgrensa oppover til kr 50.000. Tilskot vert gitt etter 1/3 - dels regelen eller inntil 50% av godkjent kostnadsramme.

### C Tilskot til kulturminnevern

I samsvar med kommunal plan for forvaltning av kulturminne skal kommunen prioritere tiltak som sikrar den antikvariske kvaliteten på anlegg, sikrar overføringsverdien til våre etterkomarar og medverke til formidling av informasjonsverdien. Tilskot vert gjeve under føresetnad av at det opphavlege som knyter seg til kulturminnet, ikkje vert vesentleg endra ved restaureringa.

Tilskot vert gitt etter 1/3 - dels regelen eller inntil 50% av godkjent kostnadsramme.

### D Tilskot til kulturvern

Kommunal plan for forvaltning av kulturminne tek til orde for ei satsing på kommunal informasjon og auka vektlegging på kunnskap og innsikt i kulturhistorie, sikring og formidling av den immaterielle kultursoga og ein dokumentasjon av foto, stadnamn, språk og dialekt, lokalt forskingsarbeid og

samtidsdokumentasjon. I tillegg til det arbeidet kommunen sjølv står for kan interesserte partar også søke finansiering på enkelttiltak etter 1/3 - dels regelen eller opptil 50% av godkjent kostnadsramme.

## **E** Kulturstipend

Føremålet med stipend er å støtte ungdom som på ein framifrå måte vil kunne marknadsføre Luster Kommune nasjonalt, innanfor idrett og/eller andre kulturytringar. Den einskilde ungdom kan sjølv søkje om stipend og andre kan sende inn framlegg til kandidatar.

Kulturstipend kan inngåast for maks 3 år til same person.  
Avtalane gjeld for 1 år om gongen. Maks støtte over 3 år er 30.000.

## **F** Kulturpris

Føremålet med kulturprisen er å heidre nokon for framifrå arbeid for kulturlivet i kommunen. Alle som ynskjer det kan komme med grunngjevne framlegg til kandidatar. Skjema ligg på heimesida til kommunen. Årleg frist: 15. oktober.

## **08 Rutinar for handsaming av søknader**

Søknadane må leverast fullstendig utfyllt innan søknadsfristen. Varsel om manglar med søknad må rettast opp umiddelbart av søker for at søknaden skal bli handsama.

Rådmannen handsamar søknader med søknadsbeløp under kr 100 000.  
Søknader med søknadsbeløp over kr 100 000 skal handsamast politisk.

## **09 Fristar**

Kommunestyret vedtek den økonomiske ramma for tilskotsordningane i budsjett og økonomiplan. Tilskota vert lyste ut med søknadsfrist 1. mars. Rapporteringsfrist for alle tilsegn er eitt halvt år etter tilsegn. For større prosjekt over kr 500 000 vert fristen sett til maks 2 år. Tilskot som ikkje vert gjort krav på, eller søkt om utsett rapportfrist for, vert trekte inn.